

Julebrev frå Austevoll Idrettsklubb.



2019 er snart over, og me gleder oss til å ta fatt på idrettsåret 2020. I år har me hatt eit roleg år utan innsamlingsaksjonar til forskjellige planar og prosjekt.

Ein del prosjekt er likevel under planlegging og arbeid.

Austevoll Idrettsanlegg vart oppgradert i 2016/17. Dette prosjektet vart ikkje ferdig i 2019 heller, så me reknar med at det skal vera klart til sommaren 2020. Her har Svein Harald Haukanes gjort ein god jobb for AIK, og vore i god dialog med kommunen. Målet er at alt skal vera ferdig til sommaren 2020.

Austevollhallen vart ferdigstilt i 2005, og den blir brukt stort sett heile dagen. Me har alt for lite lagringsplass i Austevollhallen. Når ein har flytta 17. mai feiringa opp her, så er det bruk for meir lagring til stolar og bord. Me har heller ikkje nok lagringsplass til idrettsutstyr o.l. Dersom me skal utvida tilboda våre, må det og vere plass til utstyr. Pr i dag har me kjøpestopp, då det er fullt alle plasser. Dette er noko me ønskjer å jobba med i 2020, men vil då ha det som eit samarbeidsprosjekt med 17. mai-komiteen og Austevoll kommune.

Det er og trong for å skifta dekket/golvet i Austevollhallen. Det skjer ein del skader, som me meiner kunne vore unngått med nytt dekke. Dette må og bli eit samarbeidsprosjekt med kommunen.

Austevoll kommune byggjer no om og ut på Austevoll Ungdomskule. Dette har til tider vore utfordrande spesielt når me har hatt arrangement, det har vore komplisert med parkeringa. Når nye skulen står klar, håper me å få på plass aktivitetsparken på Vikinghaugen- Vikingparken.

Eit nytt prosjekt det jobbast med er fotballhall over den gamle fotballbana. Dette blir eit stort prosjekt, som krev mykje planlegging og pengar.

Me har i dag 4 tilsette i klubben. Annette Horne Tøkje har ei 30% stilling i symjegruppa, denne stillinga fekk ho fast i september i år etter 1 års prøveprosjekt. Ho gjer ein god jobb for symjarane våre. Trond Fredrik Ludvigsen har ei 40 % stilling i fotballgruppa som administrativ leiar. I vår søkte han om permisjon i 30% av stillinga, og har då 10% sportsleg stilling igjen. Anders Tøsse gjekk inn i den administrative stillinga i eit 30% vikariat.

Anne B Drønen jobbar framleis 100% i klubben, noko ho har gjort sidan 2004. Ho har ansvar for dei andre gruppene, hovudlaget og hallen.

Ho er og primus motor for alle lågterskeltilboda så som open hall, open hall for ungdom og idrettskulen

Vivian Horgen har vore leiar i Austevoll Idrettsklubb i 2019. Ho er god å ha som sparringpartner når ein treng nokon til å sjå saker frå andre vinklar.

Det har vore ca. 798 medlemmer i klubben i år, og mange av desse er med på fleire aktivitetar. I år har me hatt idrettskule, fotball, volleyball, klatring, friidrett, symjing, badminton, barnetrim og turn. Nytt av året er at barnetrimmen er komen attende etter mange år med pause. Tysdagen myldra det med barn 0-5 år i hallen, og dette kan me takka Malin Vassnes og Veronika Toft for.

Eit anna tilbod me fekk i år er open hall for ungdom, då kan ungdommen boltra seg i hallen. Dette tilbudet har Andreas Risøy og Anne B stått for.

John Aksel Haukanes har fram til desember jobba med å få boka om dei 50 første åra i klubben si historie ferdig. Han har hatt god hjelp av Camilla Gjerde Lund, som har sett saman boka.

No er boka levert til trykkeriet, og me begynner å selja den ca. 20 desember.

AJK driftar Austevollhallen for Austevoll kommune. Me har ansvar for tildelingar, hallvakter og utleige. I hallen har me trening for barn og unge i klubben og verksemder i kommunen vår. I helger har me open hall for verksemder og utleige til sosiale arrangement.



Austevoll Idrettsklubb sender gamle drakter, restar etter fotballskulen og anna utstyr til organisasjonar som samlar inn . I år har me gått til Juleflyet og Lions sine innsamlingar i Mariampole i Litauen og til Kenya. Så i Litauen og Kenya kjem mange til å gå med Austevoll Idrettsklubb på brystet 😊

AJK har ein del arrangement i løpet av året bl.a. Open hall, Austevoll meisterskap i friidrett, Austevolløpet, Tine Fotballskule, Julecup, Austevollsprinten, Skulemeisterskap i friidrett for barneskulane i kommunen, 5-7 klasse.

Me har også eit godt samarbeid med Lerøy om fiskeprodukt på arrangementa våre, noko som gjer at me har hatt sunne alternativ i kiosken vår



***Fríidrettsgruppa** har hatt aktivitet i heile 2019. Nina Møgster, Margrethe Njåstad, Silje Halstensen, Lilli Løvås og Lars Johan Hufthammar har vore i trenarteamet.*

Ein del av utøvarane våre har delteke på stemne i Bergensområdet, og dei kan vise til gode resultat.

I vinter hadde gruppa eit innandørstemne i Austevollhallen med høgde og lengde utan tillaup. I vår arrangerte dei Austevollmeisterskap i friidrett utandørs, og på hausten hadde dei eit rekrutteringstevne. I oktober arrangerte dei Austevollsløpet, i samarbeid med Austevoll kommune og TV aksjonen 2019. Etter løpet sette dei over kr 9387. Dette var eit kjekt samarbeid, som me håpar å få til i 2020 og.

Fríidrettsgruppa samarbeider med skulane for å arrangera skulemeisterskap i friidrett for 5-7 klasse. Då er alle skulane i kommunen invitert til Austevoll Idrettsanlegg.

***Open hall** er eit tilbod som er blitt veldig populært . Dette er eit tilbod om å opna hallen i helgane for aktivitet i vinterhalvåret. Mange store og små tek turen til Austevollhallen for å klatra, bowla, eller hoppa på den «stora madrasso». Nokre kjem jo då berre for å handla i kiosken til Sigve Drønen, han har alltid nysteikte lappar på lur. Sven Rune er trufast i bowlinga, og seier ja stort sett kvar gang det er open hall*

Idrettskule- Er eit tilbod me har hatt i heile 2019. Her prøver me å vera innom dei ulike idrettane me har i klubben vår. Dette tilbodet er frå 1-4 klasse. Treningar er Hanne Haugland og Anne B Drønen



Badminton er framleis ein populær aktivitet med eit mykje attraktivt tilbod. Berre i haust har det starta over 20 nye utøvarar, nok som er svært gledeleg. I dag kan gruppa telje over 50 medlemmar frå alderen 10-60 år. Dei trener 4 dagar i veka, reiser på landsturneringar og har til og med kome heim med bronsemedalje i bagasjen.

Anita Aasebø er framleis primus motor for gruppa. Hennar største ønske er det same som dei siste 4 åra - fornying av golvet i idrettshallen og oppmerking av fleire baner. Kapasiteten er sprengt. Ha ei smashing fin jul 🦉

Orientering- har i dag tilbod om turorientering rundt Vinnesvatnet.

Turn-aerobic er i år som dei seinaste åra, ei gruppe med 10-12 trufaste aerobic damer, som har trening kvar torsdag i speglsalen. Helga T. Rabben er trenar for desse damene slik ho har vore sidan 1980-talet.

Klatring - kjekt år for klatring med aktivitet for barn og unge. Mange unge klatrarar stiller kvar veke i veggen i Austevollhallen.

Gruppa har 2 treningsdagar i Austevollhallen, der dei klatrar i veggen og buldrerrommet. Buldring er klatring utan sikring, dette er svært populært. Me er so heldig at Veronika Møgster i år og er leiar der, og ho har med seg nokre fantastiske trenarar i Pia Økland, Anita Yttervoll og Camilla Libnau.

Volleyball- her er det for tida eit damelag som berre trener. Marie Dāvøy er trenar i laget, og gjer ein god jobb for denne gruppa. Torbjørn Karlsen er leiar i gruppa.

Skøyter- har dessverre lagt brakk i 2019, men dei håper på å få litt aktivitet no i vinter. Olav Njåstad er leiar for denne gruppa.



Fotball,

- Hver dag, hver uke, uansett vær, så observerer vi mye aktivitet på vårt flotte anlegg.

Vi er stolte over å kunne bidra til en god treningskultur og fotballglede.

Fotballgruppa startet i høst opp med Telenor Xtra, en fotballfritidsordning for 3.-7.klasse

Vi har også arrangert «Stjerneseriedag», en fantastisk dag med engasjement, vennskap og samhold.

Austevollserien er alltid et flott arrangement, og den årlige fotballskolen er alltid populært.

Snart er julen her, og da er det tid for den tradisjonsrike Julecupen.

A-laget har hatt en kjempesesong og er klar for 4.div etter å ha vunnet alle sine kamper i 5.div. Sesongen ble kronet som KM etter å ha beseiret Askøy.

Rekrutt/B-laget rykket opp til 6.div, og et ungt og sultent lag gjorde seg vel fortjent til en sterk 2.plass, som resulterte i opprykk.

Jr.laget rykket etter vårsesongen opp i 2.divisjon, og endte i høst på en flott 3.plass.

I ungdomsfotballen har vi hatt 9 lag i serien, også her ble det en del opprykk. Fremtiden ser veldig bra ut. I tillegg spilte G-04 KM, og så har vi også Hordalands beste J-04.

I barnefotballen har vi hatt 5 lag påmeldt i serie, i tillegg til 8 lag som har spilt diverse cuper.

Vi er takknemlig for alle som bruker fritiden sin på å gi våre aktive et trygt og godt fotballmiljø, og som følger de opp på både trening og kamp.

Vi setter stor pris på våre gode samarbeidspartnere som bidrar til at vi kan drive og utvikle fotballgruppa.

Vi gleder oss til 2020. Stolthet og glede.

Symjing - Dette året har det vore mykje aktivitet i gruppa. I mars arrangerte me vårt skikkelege stemne i Austevollbadet, med deltaking frå fleire andre klubbar. Et nytt stemne vart arrangert i november, der me og fekk bruke tidtakarsystem, noko som var til stor hjelp. Austevoll var sjølv godt representert på begge stemna med over 80 deltakarar frå klubben. Ekstra kjekt var det at Stjernesymjelaget var godt representert på stemnet i november.

Av approbertgruppa var det 5 symjarar som kvalifiserte seg til LÅMØ 2019 (Landsdels årklassemønstring); som vart halden på Karmøy i mars. Dei er allereie godt i gong med kvalifiseringen for LÅMØ 2020. Dei gjer det og bra på lokale stemner, og har utmerka seg med fleire gode plasseringar. Cathrine Nøttveit tok frå sommeren over ansvaret for Trygg i vann-portalen, som inneheld påmeldingssystemet og oversikta over dei ulike gruppene. Annette Horne Tøkje har no fått fast tilsetjing i ei 30% stilling, og dette kjem godt når det gjeld det administrative arbeidet.

Linn Johansen Våge er leiar for symjeegruppa vår, og gjer ein god jobb her.

Vi legg no eit innhaldsrikt år bak oss, og ser fram til nye aktivitetar i 2020.



Austevoll Idrettsklubb vil med dette takka for all støtte me har fått hos våre sponsorar både i form av pengar, gåver, anlegg og utstyr. Utan hjelp frå dykk kunne me ikkje driva klubben vår slik me gjer i dag

Me vil og takka alle frivillige i klubben, dei gjer ein fantastisk jobb for alle born og unge i klubben. Utan frivillige kunne me ikkje hatt alle tilboda me har i dag.

God Jul og eit godt nyttår.
Austevoll Idrettsklubb